

# Styremøte i Sotra Volleyballklubb



**Tid:** 05.09.2022, klokka 17:30-19:30

**Stad:** Klasserommet i Bildøyhallen

**Tilstede:** Renate Turøy, Mikael Tangen, Jens Knabben, Cathrine Hartwig, Julio Halland

**Forfall:** Vegard Mortensen, Nils Magne Vardøy, Nina Lønøy

## Saker:

**1/3** Innkalling

**2/3** Saksliste

**3/3** Referat

**4/3** Orienteringar

**5/3** Økonomi

**6/3** Innkjøp

**7/3** Klubbutvikling

**8/3** Klubbutvikling (Vedlegg 1)

**9/3** Påminnelse, sosiale medier i klubb og NVBF (Vedlegg 2)

**10/3** Eventuelt

## Orientering om sakene:

**1/3** Innkalling

OK

**2/3** Saksliste

OK

**3/3** Referat

OK

**4/3** Orienteringar

- a)** Seriekampane for førstedivisjon kjem på heimesida
- b)** Høyring frå NTV om seriesystemet, oppvarming, sluttspel, cupen og TVN er svart på
- c)** Sotra VBK sine arrangement for aldersbestemte lag

19/11 - Sotra Arena - U17.

20/11 - Sotra Arena - tredjedivisjon senior, 4. div. og U19.

Renate lager oversikt over hvem som gjør hva.

18/03 - Bildøyhallen/Ågotneshallen - U15.

- d)** Digitalt møte mellom regionen og 10 klubbar

Ulike organiseringar og praktiske løysingar vart diskuterte.

Vanskeleg å konkludera med noko.

Ønskjeleg med fysisk møte.

Mikael deltok.

- e)** Norway Installation - Streaming og TV-overføring av førstedivisjonskampar

Dette har vi ikkje fått ei ordning på.

Nils Ivar har vore i kontakt med kommunen for å finna ut av korleis dette skal gjennomførast.

Saka står på vent.

- f) Sponsoravtale med Sartor og Drange er underskriven
- g) Møte med kommunen 17/08 for å få meir treningstid  
  
Sotra VBK har fått tildelt meir treningstid på Knappskog skule.  
Nils Ivar og Mikael deltok på møtet.  
Oversikt over treningstidene kjem på heimesida.
- h) Oversikt på helgevakter i Bildøyhallen august og september kjem på heimesida
- i) Ulike lag deltek på desse arrangementa  
  
VestCup i Stavanger.  
Åpningsturneringa i Haukelandshallen.
- j) Førstedivisjonslaget har treningshelg i Sotra Arena 3. og 4. september
- k) Turneringshelg i Sotra Arena 10. og 11. september for førstedivisjon  
  
Desse laga deltek: Sotra VBK, BTSI, Rossvoll, Førde og Viking.

### **5/3** Økonomi

Påmeldingar til seriespel og turneringar.  
Korleis er økonomien til klubben før haustsesongen.  
Jens orienterer.

Ca. 150 000 på konto, ca. 62 000 utestående.

### **6/3** Innkjøp

Kva er det mest behov for?

Herrelaget har drakter.  
Renate og Julio lager oversikt over hva resten trenger av drakter.  
Renate, Julio og Jens undersøker priser på nett og antenner, og bestiller.

### **7/3** Klubbutvikling

Nils Ivar Brennhaug reiser til Oslo der det er kurs i temaet.

Sotra Volleyballklubb sponser deler av turen

**8/3** Klubbutvikling (Vedlegg 1)

Vi deltar ikke

**9/3** Påminnelse, sosiale medier i klubb og NVBF (Vedlegg 2)

Utsetter tema

**10/3** Eventuelt

Innad i hvert lag kan en betale seg ut av dugnad internt til en annen i laget.

Vi deltar ikke på datavolleykurs

Referent

Cathrine Hartwig